



Bratshaug Høylandsfe Rune Nilsen
Holmeknappen 17
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1382 - 17/13115

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
26.06.2017

Godkjenning av fritak for gjødselplan på GBNR 52/7 Kårbø

Administrativt vedtak. Saknr: 182/2017

Saksutgreiing:

Bratshaug Høylandsfe v/ Rune Nilsen har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gnr. 52, bnr. 7. Han har nyleg kjøpt bruket og heldt på å planlegga inngjerding/opprusting av areal. Planen er å nytta bruket til beite for høylandsfea som han fram til no har hatt på Bratshaug. Han leiger også beite andre stader. Dyretalet er 6 ammekyr og 10 ungdyr. Det er 9 daa innmarksbeite på bruket. Drifta er utegangardrift basert på utmarksbeite, og det er difor ikkje oppsamling av husdyrgjødsel. Det er planlagt å gjødsla beita seinare når gjerder og liknande er på plass.

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Det vert i dag ikkje brukt gjødsel på bruket. Søkjar er i planlegging/oppbyggingsfase, og det er bruk av utmarksressursane som er hovudsatsing. Det bør lagast ein plan for beitebruk og for tilleggsføring i vinterhalvåret. Det er viktig å få etablert skikkeleg foringsplass der ein har mulighet til å samle opp gjødsel, slik at det ikkje er fare for avrenning.

Sidan det ikkje vert brukt gjødsel i dag, drifta er basert på beitebruk i utmark og er under oppbygging har kommunen ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 2 år.

Vedtak

"Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 2 år fram til 01.07.2019 for Bratshaug Høylandsfe v/ Rune Nilsen på gnr.52 , bnr. 7, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 2 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bratshaug Høylandsfe Rune Nilsen Holmeknappen 17 5918

FREKHAUG